

Fra: Bekka Skaasheim  
Sendt: måndag 18. april 2016 21:45  
Til: Leversund, Anne  
Kopi: Stryn kommune; Anders Magne Bruvoll; sflode@hotmail.com; Karen Marie Hjelmeseter; Sogn og Fjordane Skikrets; S&F Skiskyttarkrins (elinefannemel@gmail.com); Jan Heggheim; NILS SANDAL; Ingeborg Christina Lie Fredheim; Susan Kathinka Halvorsen Husabø; Merete Husabø Nornes  
Emne: Re: Idrettskrinstinget i 9.april 2016 fråsegn - Landslinje for langrenn og Skiskyting i Stryn.

Hei!  
Takk for fråsegna.  
Vi sender den til departementet som tillegg til søknaden. Vidare vil hovudutval for oppløring få den som skriv til orientering i fk møte 12.mai.

Mvh  
Bekka Skaasheim

Sendt fra min iPad

Den 18. . 2016 kl. 15.23 skrev Leversund, Anne  
<Anne.Leversund@idrettsforbundet.no>:  
Hei .

Sogn og Fjordane Idrettskrins handsama på Idrettskrinstinget i Florø 9.april 2016 ei fråsegn - Landslinje for langrenn og Skiskyting i Stryn. Vedlagt oversendast protokoll frå Idrettskrinstinget . Dette til orientering.

8.0 Fråsegn

#### FRÅSEGN - LANDSLINJE FOR LANGRENN OG SKISKYTING I STRYN

Idrettskrinstinget gjev full støtte til arbeidet med å etablere ei landslinje for langrenn og skiskyting i Stryn.

Det politiske vedtaket om nedlegging av idrettslinja ved Stryn vidaregåande skule er beklageleg for Sogn og Fjordane idrettskrins v/ Idrettskrinstinget, når ein ser kva som er bygd opp av kompetanse og anlegg med stor fylkeskommunal støtte over tid. Fylkeskommunen har i mange samanhengar gått inn med økonomisk støtte, m.a. med den grunngevinging at det skaper merksemd.

Få har vel skapt større merksemd enn nettopp utøvarane med bakgrunn i idrettslinja ved Stryn vidaregåande og skianlegget Ullsheim i Markane.

Alternativet til tilbodet i Stryn er at dei beste utøvarane reiser til skular på Austlandet. Dei lokale miljøa blir utvatna, og dei nest beste vel andre utdanningstilbod og legg skia på hylla. Dermed har ein valt

ei løysing som byggjer ned utviklingsmoglegheitene innan idretten, i staden for å bygge opp.

Også i dag er det utøvarar som vel tilbod på Austlandet, men ved å etablere ei landslinje vil endå fleire utøvarar bli i heimefylket, medan dei fullfører vidaregåande skule. Det vil truleg også auke sjansen for å flytte heim seinare.

Med dagens politiske system står fylkesgrensa til Møre og Romsdal som ein usynleg «mur» mellom utøvarane. Ullsheim er treningsstaden for utøvarar frå Volda, Ørsta og indre Sunnmøre. Til tider også Molderegionen.

Ved å få i stand ei landslinje vil ikkje fylkesgrensa vere til hinder for at desse ungdomane kan få eit samla trenings- og utdanningsmiljø knytt opp mot den kompetansen som alt er utvikla ved Stryn vidaregåande og anlegget som er bygd opp i Markane. Trenarkompetansen finst fortsatt ved skulen, men denne vil truleg forsvinne om tilbodet ikkje kjem tilbake innan 2016-2017.

Sogn og Fjordane idrettskrins v/ Idrettskrinstinget støttar arbeidet med å etablere ei landslinje for langrenn og skiskyting i Stryn.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til  
VEDTAK: Idrettskrinstinget støttar fråsegna.  
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins og Sogn og Fjordane Skikrins kom med innspel til styret i idrettskrinsen til fråsegn om landslinje for langrenn og skiskyting i Stryn. Idrettskrinsstyret la fram fråsegna for Idrettskrinstinget.

Sportsleg helsing  
Anne Leversund  
Organisasjonsjef  
Sogn og Fjordane Idrettskrins

Mob.: 48252282  
[www.idrettskrinsen.no](http://www.idrettskrinsen.no)

<image001.png>

<Protokoll Idrettskrinstinget 2016.pdf>